
Fra: Vigleik M. Ypsøy <vigleik@kystgard.no>
Sendt: tirsdag 8. desember 2020 19:19
Til: Postmottak Alver
Emne: Uttale Alver 350/3 Øpso Utviding brygge

Hei.

Gjeld arkivsak: 20/16290 - Utviding av brygge.
Sakshandsamar: Larissa Dahl.

Som eigar av bruk 350/3 ønskjer eg å koma følgjande uttale:

- Alver kommune har ved innsending til Fylkesmannen skrive at saka gjeld utviding av flytebrygge. Dette er feil. Saka gjeld utviding av brygge. (det er ikkje opna opp for flytebrygger i Vågen)

- Øpso er eit veglaust LNF område. Naustområdet og bryggene er livsnerven for landbruket på øya. Store deler av året ligg noverande brygge på tørt land, noko som skapar vanskar for landbruksdrifta, og då speiselt tilleggsnæringane avlastning, reiseliv, kurs og friluftsliv. Ei utviding av brygga med 5 meter på arkitektonisk same måte som tidlegare vil ikkje forringe kulturmiljøet eller strandsoneverdiene på noko vis, men styrke formålet LNF ved at landbruket oftare vil kome i land på fjære sjø.

- Ser at Fylkesmannen har kommentert ein "treplattung". Dette er vedlikehald av eit "tørt" område ved land som også er med på å styrke LNF og som ikkje har noko samanheng med utviding av brygga.

- Heile Øpso er eit viktig LNF - område med store kulturhistoriske, biologiske og estetiske verdiar. Dette er me som driv landbruk på Øpso klar over og vår økologiske drift er med på å styrke desse verdiane kvar einaste dag.

- Å drive landbruk på ei veglaus øy har sine utfordringar. Ei forlenging av brygga som omsøkt vil gjere kvardagen litt lettare, også for oss som har levebrødet vårt på Øpso.

Venleg helsing

Vigleik M. Ypsøy